



Han som gav oss «bygdedyret»

I år er det 70 år sidan «fattigdomens diktar framfor nokon», Tor Jansson, tok livet sitt.

SIDE 10–13



Målpris til Veiteberg

Målprisen 2020 går til Kari Veiteberg, biskop i Oslo. Ho mottok prisen på sin eigen 60-årsdag.

SIDE 14–15



Ordføraropprop mot Google

108 ordførarar har signert eit opprop for å få Google til å tilby programvare på nynorsk.

SIDE 16–17

Norsk Tidend

nr. 1
februar 2021

medlemsblad for Noregs Mållag

Når bokmålet er vegen

Dei ville så gjerne, men for klesproduksjonen Flor vart det uråd å konkurrera når dei brukte nynorsk på nett.

– Svært usannsynleg at Google gjer noko med det, meiner ekspert på nettsøk.

SIDE 4–7



FOTO AV KRISTIN LEMME, GRÜNDER AV FLOR·FLOR

Når kommunen likar bokmål best

NT Nynorsk har alltid mått forsvara seg mot ytre motstand. Det målrørla kanskje snakk for lite om, er at vi også står i ein svært reell fare for å bli etne opp av dei som på papiret skal vera våre vener. Mange av desse er folk som får betalt for å skjøtta den norske språksituasjonen.

NT I Strand kommune i Rogaland har alle barneskulan nynorsk som vedteke opplæringsspråk. Likevel brukar kommunen i svært stor grad bokmål som administrasjonsspråk for informasjon frå skulane, iallfall på nett. Om det kan vera ein samanheng mellom denne praksisen og det at foreldre ønskjer bokmål som skulemål for ungane sine, vil ikkje kommunalsjefen svara *Norsk Tidend* på.

NT Praksisen til skulane i Strand er så hovudlaus er det er freistande å kalla han sabotasje av politiske vedtak. Jamvel om kommunen sjølv må ta det meste av skulda for at situasjonen er som han er, er kommunen heller ikkje hjelpt av situasjonen på lærarutdanningane, som blir forvalta av sentrale styresmakter. Som *Norsk Tidend* har omtala fleire gonger, er det svært vanleg at lærarar går ut av lærarutdanninga utan å kunna nynorsk. Lærarar som derimot har fått ei skikkelig opplæring i nynorsk og i den norske språksituasjonen, vil til vanleg skjøna at administrasjonsspråket på ein nynorsk-skule også må vera nynorsk. Om dei då veit at dei jobbar på ein skule der ny-norsk er det vedtekne opplæringsmålet?

NT Norske kommunar er som regel svært lite glade i å bli fortalte kva dei skal gjera. Men no skal Stortinget snart vedta ei ny språkklov, der ansvaret for nynorsk blir slege fast. Dersom kommunane held fram med å få stillteide aksept for å behandle nynorsk like därleg som Strand, er det minste problemet at bokmål blir opplæringsmålet til ei ny Hadia Tajik frå Bjørheimsygd.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

74 179 elevar i grunnskulen har nynorsk som sitt **hovudmål**. Det er 1066 færre enn førre skuleår. Kvar er alle heltar hen?



Tal som tel

DESEMBER ER VENTETID. Og i mållaget ventar vi kvar desember på dei offisielle tala på alt som kan teljast i grunnskulen, dei såkalla GS1-tala frå Utdanningsdirektoratet. Her finn vi mellom anna talet på og prosentdelen nynorskelevar i 1. til 10. klasse. For skuleåret 2020/2021 er denne prosentdelen på 11,6. Det er ein nedgang frå 11,8 frå året før.

VONDE TUNGER VIL hevde at dette viser at det raknar for nynorsken. Men viser desse tala ein nynorsk lekkasje og språkskifte til bokmål for over tusen elevar på berre eitt år? Heldigvis ikkje. Det korte svaret er at årsaka er demografi. Det er fleire elevar som får vitnemålet sitt i handa og går ut skuleporten, enn det er seksåringar med ny ransel som har sin første skuledag. Dessutan går flyttestraumane mot bokmålsområda i og rundt dei store byane.

DÅ STATSMINISTER ERNA Solberg i nyttårstalen sin i 2019 oppmoda folket sitt om å få fleire born, kunne ho med fordel ha lagt til «særleg i dei nynorske kjerneområda». Men det ville nok vore for mykje å vente.

SJØLV OM DET i gamle Sogn og Fjordane ikkje byrja ein einaste elev i bokmålsklassen dette sku-

NT LEIARTEIGEN



PEDER LOFNES HAUGE
leiari i Noregs Mållag

leåret, går talet på nynorskelevar ned, fordi det er 348 færre elevar i grunnskulen der. I Innlandet går talet på elevar ned med over to tusen, og av desse er 138 nynorskelevar. Vi ser den same tendensen i Agder, Vestfold og Telemark, Vestland og i Møre og Romsdal fylke. Men det er ikkje kolsvart.

ROGALAND ER DET einaste fylket med nynorske skulekrinsar der det samla elevtalet går opp, og her er det verdt å merke seg at det var fleire nynorske førsteklassingar i år enn i fjar, og færre førsteklassingar med bokmål som opplæringsspråk. I Trøndelag auka talet på nynorskelevar – rett nok berre frå tre til seks, og i Møre og Romsdal var nedgangen i bokmålelevar mykje større enn nedgangen i nynorskelevar.



Illustrasjon: Kjartan Helleve

Denne uka ble Uke 6, det mest brukte opplegget for seksualitetsundervisning i Norge, lansert på nynorsk, melder NTB. Nå skal også nynorskfolket lære å bruke preventjon. Har vi sett peak nynorsk?

Dagbladet på leiarplass

Pro tip: Viss du vel å bruke appen på nynorsk, får du beskjed om at den ikkje trengs å aktiveres varslig. Sidan nynorskbrukarar ikkje er genetisk disponert for å bli sjuke uansett.

@Rotevatn på Twitter om appen «Smittestopp»

Nynorsken er vårt fylkesvåpen

*Hans Olav Myklebust (Frp),
i debatt om administrasjonsspråk
i Møre og Romsdal
fylkeskommune*

Eg har meldt meg inn i mållaget, rett og slett fordi eg meiner alvor.

*Jan Ove Tryggestad, ordførar
i Stranda, i debatt
om administrasjonsspråk
i Møre og Romsdal fylkeskommune*

Nettavisen har tatt seg frihet til å oversette innlegget fra nynorsk.

**Om eit facebookinnlegg
Nettavisen har omsett til bokmål**

Det einaste positive med den endelige høgsterettsdommen i klimasøksmålet er at han er skriven på nynorsk.

@emilnordvik på Twitter

På nynorsk kan ein ikkje gøyma seg på heimekontor.

@estermoe på Twitter

Språklig likestilling på nettet er en av vår tids viktigste kulturpolitiske saker.

Leiar i Bergens Tidende

Eg ser at regjeringa no stengjer ned bokmålskommune etter bokmåls-kommune. Eg seier ikkje at ein bør trikse systemet ved å bytte til nynorsk. Eg seier berre at det går an.

@jenskihl på Twitter

Det kjennest nok, og det er viktig å sleppe til yngre krefter, og ikkje dryge til dei må bare meg ut.

**Magni Øvrebotten om kvifor
ho gjev seg som leiar for Nynorsk
mediesenter i juni, som 67-åring**

På skolen er nynorsk favorittfaget, hvor han har sikret seg en sekser.

Mustafa Hasan kan bli kastet ut av Norge fordi han ikke er norsk nok. Kanskje østlendingene i UNE mener det er typisk norsk å være dårlig i nynorsk?

**Frå «ukeslutt» i BT,
via Røyken og Hurums Avis**

MÅLPOLITIKK ER SÅ mangt, og vi bør skilje mellom den vesle og den store målpolitikken. Den vesle målpolitikken er lovgjeving og ordningar som skal verne nynorskbrukarar og vege opp for dei nynorske mindretalsulempene, som læreboktilskot, mållova og tilskot til nynorsktiltak. Den store målpolitikken er all annan politikk som har språkpolitiske konsekvensar, som mykje av distriktpolitikken, kommunepolitikken og delar av utdanningspolitikken.

NOREGS MÅLLAG KORKJE har eller kan ha ei mening om alle sider ved den store målpolitikken, men vi må gjere gode analysar av korleis større straumdrag i samfunnet påverkar språket. Berre slik kan vi arbeide for at alle fritt skal kunne sjå og bruke språket sitt på alle område i samfunnet.

DET SIT 74 179 sårbare nynorskeltar ved pulstane sine dette skuleåret – som held på språket sitt sjølv om rammevilkåra deira både i skulen og elles i samfunnet beint fram motarbeider dei. Mållaget skal jobbe for at alle dei får ei like god lese- og skriveopplæring som bokmålselevane – og for at det blir fleire av dei.

*Det sit 74 179 sårbare
nynorskeltar ved
pultane sine dette
skuleåret – som held
på språket sitt sjølv
om rammevilkåra
deira både i skulen og
elles i samfunnet beint
fram motarbeider dei.*

SKIFTA PRÅK:

Klesgiganten Kari Traa på Voss gav seg tidleg med marknadsføring på nynorsk fordi dei ikkje vart funne gjennom nettsøk, fortel Kari Traa.

Foto: Britt Embry



Kari Traa gjorde det i si tid, og seinare har fleire andre følgt etter. Nynorsk-språklege verksemder byter til bokmål for å bli funne på nett.

– Algoritmane kan endrast, men **Google** høyrer nesten ikkje på nokon utanfrå, seier ein av Noregs fremste på nettsøk.

Språket som ikkj

KRISTIN LEMME PA Voss driv verksemda Flor, som sel arbeidsklede for kvinner. Som moderne klesbutikkar flest har Flor ei nettside og ein nettbutikk, dit dei vil at både forhandlarar og kundar skal finne vegen. Frå oppstarten i 2018 var Lemme trufast mot bruks- og hjartespråket nynorsk i marknadsføringa. Men gradvis gjekk det opp for henne at kostnaden ved det var stor.

– Ingen søker etter «arbeidsklede»

– Folk søker ikkje etter «arbeidsklede», men «arbeidsklær», anten dei brukar nynorsk eller bokmål sjølv. Og jamvel om Google tilbyr gode måtar å annonsera på, er me avhengige av å bli funne gjennom det vanlege søket. Så sjølv om me sette oss inn i nettverda så godt me kunne, og bruka alle triksa me fann i boka, vart konklusjonen at ulempa ved å halda på nynorsk vart for stor for oss, seier Lemme.

Alle nettsideplattformer gjev

redaktøren høve til såkalla «metatagging»: å leggja inn bokmålsord «på bakrommet», som synonym. Der kan Lemme og kollegaene skriva inn «arbeidsklær», slik at folk finn fram til dei sjølv om dei søker på «arbeidsklær». Problemet er berre at dei uansett vil kome mykje lågare på trefflista enn dei nettbutikkane som skriv «arbeidsklær» gjennomgåande på eiga side, rett og slett fordi Google under skanninga av sida kjem over fleire tilfelle av «arbeidsklær».

Det sat langt inne, men i november 2020 gjorde Kristin Lemme og Flor det vanskelege valet. No er heile nettstaden deira på bokmål, og nynorsk er reservert for dei delane av verksemda der dei ikkje er avhengige av nettsøk. Det smarta langt inn i hjarta.

– Det er ikkje tvil om at det var vanskeleg for meg. Eg kjende jo at me miste identiteten vår, og det er skikkeleg kjipt, seier Lemme.

Kristin Lemme forsikrar at det så absolutt ikkje er motvilje mot

nynorsk frå kundane som gjer at Flor har bytt marknadsspråk.

– Eg trur tvert imot det har vore ein fordel å bruka nynorsk i marknadsføringa. Ein skil seg ut, og eg fekk aldri negative tilbakemeldingar på at me var ei nynorskverksemde.

Lemme seier at alle nettsider Flor kjenner til, som har lukkast med marknadsføring på nynorsk, har ei parallelleside på bokmål. For Flor var ikkje det aktuelt.

– Det vil bli for mykje arbeid – og dermed for dyrt – for oss å vedlikehalda både ein nynorskversjon og ein bokmålsversjon.

Flor har allereie merka meir trafikk på nettstaden etter å ha gått over til bokmål, fortel Lemme. Ho er likevel klar på at ho vonar ikkje alle nynorskverksemder gjer som dei.

– Eg håpar verkeleg ikkje alle gjev opp. Om den dagen skulle koma at «alle» veit kven Flor er, og folk søker på namnet vårt, då skal me byta tilbake til nynorsk. Det er eg fast bestemt på.

Eg kjende jo at me miste identiteten vår, og det er skikkeleg kjipt.

*Kristin Lemme,
Flor*



VILLE IKKE: Det var med tungt hjarte gründer Kristin Lemme i Flor valde å byta marknadsspråk frå nynorsk til bokmål for å kunna konkurrera på nett. – Nynorsk er ein del av identiteten vår, seier ho.

Foto: Flor

e fekk vera med

Ei anna som i si tid starta opp med klesproduksjon på Voss, er Kari Traa. No er verksemda til Kari Traa den aller største i Noreg på ullundertøy og tur- og treningsklede til kvinner. I byrjinga profilerte også Kari Traa seg mest på nynorsk, men dei gjekk temmeleg raskt over til bokmål, fortel Kari Traa.

– Me slutta av same grunn som Flor. Skulle me konkurrera med andre i same bransje, vart me «vinga» til å ta eit slikt grep.

Traa legg ikkje skjul på at ho er lei seg for språkskiftet.

– Eg synest det er trist at Kari Traa som merkevare lyst vera med på å byggja ned nynorskbruken ute i samfunnet. Me ville jo bruka nynorsk, sidan det også har med identiteten til merkevara å gjera.

Kari Traa ser ikkje bort ifrå å bruka meir nynorsk i marknadsføringa om teknologien skulle bli betra.

– Blir det gjort endringar i sökjemotorane, vil me sjølv sagt vurdera å bruka meir nynorsk.



NY SPRÅKLEG PROFIL: Flor la om nettsida til bokmål tidleg i 2021.

– Har aldri vurdert berre bokmål

På Voss ligg også Myrdalen Fjellandsby, som driv turistverksemd med mellom anna hotell og alpinanlegg. Dei har valt å ha ein bokmåls- og ein nynorskversjon av nettsida si. Det er slett ikkje grunna

eventuelle kundar som ikkje vil lesa nynorsk, fortel merkevareansvarleg Margrethe Alm.

– Me skulle helst hatt berre ein nynorskversjon. Den einaste grunnen til at me har ein bokmålsversjon, er for å koma høgare opp i vanlege sök. Men det er nynorskversjonen

som er standardversjonen av sida vår, så søker du til dømes berre på «Myrdalen», kjem du inn på den.

Ho fortel at dei brukar ganske mykje ressursar på å vedlikehalda to identiske versjonar av nettstaden sin, men at det er verdt det.

– Me har aldri vurdert berre å ha nettstad på bokmål. Nynorsk handlar om identiteten vår, seier Alm.

Men det finst òg nynorskverksemder som held fast på nynorsk. Yvonne Aga Romoren held til i Øvre Årdal og driv nettbutikken kortlevert.no, som sel helsingskort og ymse anna småtilfang. Ho har valt å marknadsføra seg berre på nynorsk. På mange måtar trur ho, som Kristin Lemme i Flor, at det er ein fordel.

– Eg trur eg tener litt på det. Før eg starta opp, var eg litt redd for at det skulle vera ei ulempe overfor kundar som ikkje sjølv brukar nynorsk. Men det har synt seg å vera tvert imot, eigentleg, sjølv om dei fleste av kundane mine er frå Austlandet. Folk skjønar liksom at

– Googlesøket handterer i grunnen berre bokmål, og skjørnar ikkje kva det skal gjera med nynorsk.
Søkjer du på «inn-skotspensjon», vil du få spørsmålet «mente du ‘inn-skuddspensjon’?»

Roar Eriksen,
Eriksen Education

| Arbeidskl

Go

Google-søk

KORTLEVERT

Heim Produkt Om oss Kontakt oss Logg inn / registrér deg



Hugs å gjere stas
på kjærasten og
mammaen din!

Morsdag & valentinsdag, 14.02

BERRE NYNORSK: Nettbutikken Kortlevert har så langt valt å berre profilera seg på nynorsk.

dette er «ekte vare», når dei ser at sida er på nynorsk.

Kortlevert.no er eit «einkvinnesprosjekt» der Romoren sjølv gjer absolutt alt, og ho har greidd å skaffa seg eit levebrød ved hjelp av nesten berre nettbutikken. Men ho ser ikkje bort frå at ho hadde nådd fram til fleire og dermed selt meir om ho hadde marknadsført seg på bokmål.

– Eg har flest treff på annonsering i sosiale medium og i Google, og litt via søk. Sjølv om eg flittig brukar dei moglegheitene eg veit om for å gjera sida søkbar, særleg gjennom metatagging, trur eg det

kan vere ei ulempe å bruka nynorsk dersom eg vil nå ut til flest mogeleg.

Men for Yvonne Aga Romoren er det likevel ikkje eit alternativ å gå over til bokmål, eller å vedlikehalda parallelversjonar av nettsida – enno.

– Eg har aldri tenkt på å ha å ha parallelversjon på bokmål før, men utelukkar det ikkje i framtida der som det blir naudsynt.

– For lite for Google å tena på det

Så kva seier ekspertane på det vi kallar søkjemotoroptimalisering – «vit-skapen» om kva som skal til for at

søkjemotorane skal finna deg? Er nettsideprofiling på nynorsk eit garantert tapsprosjekt, eller finst det rom som nynorskverksemde ikkje har funne?

Roar Eriksen er kanskje den i Noreg som veit aller mest om kva som skal til for å vera synleg på nett. Han har arbeidd med problemstillinga i over 20 år, i periodar også for Google, og han har eit stort nettverk blant dei som jobbar der. No driv han sitt eige føretak, Eriksen Education, og har hjelpt talause norske føretak – store som små, nynorskverksemder inkludert – med å få meir trafikk på nettsidene sine.

Sjølv om Eriksen på si eiga nettside lovar at han kan hjelpe dei fleste, har han ikkje nok gladmelding til målfolket. Han seier det rett og slett er umogeleg å nå like høgt opp i Google-søk som ei bokmålsverksemde, om du har nettsider berre på nynorsk.

– Googlesøket handterer i grunnen berre bokmål, og skjørnar ikkje kva det skal gjera med nynorsk. Søkjer du på «innskotspensjon», vil du få spørsmålet «mente du ‘inn-skuddspensjon’?».

Eriksen meiner nynorskverksemder difor må gå vegen om bokmål.

– Fordi dei aller fleste søker på bokmål, er mitt klare råd er å ha ein parallelversjon av nettsida på bokmål. Sjølv om ein kan gjera nokre grep for å auka trafikken på sida ved hjelp av til dømes googleannonser,

utgjer det ein liten del av det totale kundepotensalet.

Men er det noko nynorskverksemder som berre vil ha nettstad på nynorsk kan gjera, for å få meir trafikk på sidene? Eriksen seier somme kan vera hjelpte av å kjøpa ord som er viktige for dei, som Google gjev høve til gjennom annonseringsordninga si.

– Men det vil uansett vera eit dårligare alternativ enn parallelversjon på bokmål. I Noreg kjem i snitt 80 % inn på nettsider via såkalla organisk søk og 20 % via annonsar. Då seier det seg sjølv at det er ei stor ulempe å ikkje gjera seg så tilgjengeleg som råd gjennom søk.

Eriksen seier det også er vanligeleg å finna tiltak som nynorskbrukarar kollektivt kan gjera for å gjera Google betre til å fanga opp nynorsk-sider.

– Google baserer seg i stor grad på kunstig intelligens. Så om nynorskbrukarar googlar på bokmål og er flinke til å trykkja på nynorsk-treffa som måtte koma opp, vil det gjera Google flinkare til å leita fram nynorsk treff. Men det er såpass mange klick som skal til, at det neppe er realistisk å få gode resultat ved hjelp av den metoden.

Ifølgje Roar Eriksen hadde det vore mogeleg for Google å tilpassa teknologien til den norske språksituasjonen gjennom å endra algoritmane sine, som kort fortalt er oppskrifa på

ogle

Jeg prøver lykken



PESSIMIST: Nettsøkekspert Roar Eriksen har ikkje tru på at kultur- og likestillingsminister Abid Raja får påverka Google.

Foto: privat

Korleis søkjemotorane skal arbeida. Det har dei gjort for til dømes dei to spanske språka, kastiljansk og katalansk. I Spania kan folk sitja i Madrid og google på kastiljansk, som er det største av dei spanske skriftspråka, og likevel få opp treff på katalansk, som blir bruka hovudsakleg i Barcelona og området rundt, av kring ni millionar menneske. Men fordi talet på nynorskbrukarar er mykje lågare, og eit slikt arbeid er svært tidkrevjande for Google, har han lita tru på at det same privilegiet vil koma nynorsk til del.

– Det er mest sannsynleg for lite for Google å tena på det. Spansk er

blant verdsspråka, og ni millionar brukarar er ein god del meir enn ein halv million.

Men kan Google finna på å gjera noko med dette for å vera greie? Mange tenker på Google som berre marknadsorientert, men teknologigiganten har tidlegare delteke i eit prosjekt som retta merksemda mot truga språk, så det er ikkje uhørt at dei gjer noko ut av rein godvilje. Men Roar Eriksen meiner det heller ikkje vil hjelpe å appellera til Google sitt gode hjarta i dette tilfellet, heller ikkje om sjølvaste kultur- og likestillingsminister Abid Raja engasjerer seg.

– Nei, det gjer ikkje noko til eller frå om Raja ringjer Google for å få fiks opp i dette, heller ikkje om han tilbør dei pengar. Google høyrer nesten ikkje på nokon utanfrå. Den einaste eg reknar med kunne ha ein sjanse om han tok ein telefon, er presidenten i USA, Joe Biden.

– Misser kontrollen over samfunnsutviklinga

Leiar Peder Lofnes Hauge i Noregs Mållag seier den vanskelege situasjonen for nynorskverksemder må prioriterast høgt av regjeringa.

– Regjeringa kan ikkje slå seg til ro med at Google er vanskelege å påverka. Dei store teknologigigantane som har så mykje makt, må òg ha eit ansvar for språkmangfaldet.

Det er frykteleg leitt at norske



KREV HANDLING: – Dersom dei meiner noko som helst med den nye språklova, må regjeringa gjera noko, meiner leiar Peder Lofnes Hauge i Noregs Mållag.

Foto: Jannica Luoto

verksemder meiner dei må velja vekk nynorsk på nett, seier han.

– Ifølgje språkpolitikken vår skal det vera like lett å vera nynorskbrukar som bokmålsbrukar, og dette er eit døme på at det ikkje er slik. Når store verksemder som Kari Traa må bruka bokmål for å konkurrera, er det klart at nynorsk blir mykje meir marginalisert i det norske samfunnet enn det hadde trengt å bli. Det er kulturministeren nøydd til å ta på alvor.

Norske styresmakter bør generelt vera urolege for at dei gjev frå seg mykje makt til private IT-selskap, meiner Lofnes Hauge.

– Akkurat denne saka hand-

– Regjeringa kan ikkje slå seg til ro med at Google er vanskelege å påverka. Dei store teknologigigantane som har så mykje makt, må òg ha eit ansvar for språkmangfaldet.

Peder Lofnes Hauge,
leiar i Noregs Mållag

lar om språk og kultur, men den sterke posisjonen til desse selskapa er jo ein del av eit mykje større bilet. Dei påverkar ein enormt stor del av sfæren til borgarane også når det gjeld område som ytringsfridom og personvern. Dersom styresmakten ikkje tek tak i dette, misser dei kontrollen over samfunnsutviklinga.

Peder Lofnes Hauge meiner det kan vera ei løysing å tilby nynorskverksemder økonomisk kompensasjon for ha råd til å profilera seg på nynorsk, medan vi ventar på betre løysingar.

– Dersom det kan hjelpe verksemder med å bli verande nynorskbrukarar, er eg positiv til det som eit mellombels tiltak.

Men på sikt er det betre teknologi som gjeld, meiner Peder Lofnes Hauge.

– Denne våren får vi ei ny språklov, der det blir slått fast at nynorsk treng eit særskilt vern. Dersom regjeringa meiner noko som helst med at dei har eit særskilt ansvar for nynorsk, og at dei skal jamna ut skeivskapane som finst, då er dette eit veldig tydeleg døme på noko dei må ta tak i.

Kultur- og likestillingsminister Abid Raja har sagt til Stortinget at han er i dialog med Google Norge om nynorsk og nettsøk.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



HEIDERSPRIS I ROGALAND: Rogaland Mållag feira 100 år med å gje heiderspris til **Roald Bergsaker, Magnhild Meltveit Kleppa og Hallgeir Håbak Langeland.**

– Gjennom samarbeid, stort engasjement og arbeidsvilje, klare tankar og tydelege verdiar har de hatt stor betydning for målsaka, sa Anne Elise Winterhus, på vegner av Rogaland Mållag. Dei tre tidlegare folkevalde fekk heidersprisen som takk for den verdifulle innsatsen gjennom mange år!

MYKJE TIL FELLES: Roald Bergsaker (t.v.), Magnhild Meltveit Kleppa og Hallgeir Langeland vart heidra av Rogaland Mållag. Alle tre er tidlegare politikarar, for ulike parti, og alle er utdanna lærarar.

Foto: Noregs Mållag

DIGITALT FYLKESÅRSMØTE: Det blir mange digitale årsmøte denne våren. **Trønderlaget** er først ute med å invitere til digitalt fylkesårsmøte onsdag 24. mars.

BOKGÅVE TIL BARNEHAGANE: Hareid Mållag har kjøpt inn bokpakkar til alle barnehagane i Hareid kommune, melder Vikebladet Vestposten. Kvar bokpakke inneheld heile 16 nynorske barnebøker. Før jul reiste **Torstein Nytn**, leiar i Hareid Mållag, rundt til barnehagane og overrekte bokpakkane.

TWITTERKONKURRANSE I KRISTIANSAND: Før jul arrangerte **Mållaget i Kristiansand** nynorsk twitterkonkurranse for elevar i vidaregåande. Temaet var løgn, for å markere at den fireåriga litterære æraen i Det kvite huset no gjekk mot slutten.


Første premie gjekk til **Åge Andre Aaser**, Kvadraturen vgs, andre premie til **Kristian Solum**, Tangen vgs, tredje premie til **Nora Kjetså**, Kvadraturen vgs. Det kom inn i alt 66 tekster.

Vinnarteksten: *Kvinne (52) har funne Kjærigheten. Dei skal møtest på flyplassen. Mann (24) er lykkeleg. Han har fått raudt pass.*



KRISTIANSAND: Prisvinnarar av twitterkonkurransen i lag med jurymedlemmer fra Mållaget i Kristiansand. F.v. Sylfest Lomheim, Nora Kjetså (tredjepris), Åge Andre Aaser (fyrstepris) og Svein Slettan.

Foto: Noregs Mållag



GAMALT OG NYTT I NISSEDAL: Kvart år kjem det ut eit årsskrift i Nissedal, og anna-kvart år skiftar Nissedal Mållag med Nissedal historielag om å ha ansvar for årsskriftet. I 2020 var det igjen Nissedal Mållag sin tur. Dei har laga eit hefte på heile 160 sider med god blanding av ulike artiklar og emne frå alle kantar av kommunen. Nissedal Mållag legg òg vekt på å få med born og ungdom på skulane. Elevane i barneskulen lagar sine sider, og på ungdomsskulen presenterer dei ei stiltevling.

BER OM MEIR NYNORSK I BARNEHAGANE: Hustadvika kommune vil at barnehagane i nynorske skulekrinsar skal førebu desse ungane betre på at det er nynorsk som er målforma dei møter på skulen, melder Romsdals Budstikke. Kommunalsjefen for oppvekst informerte kommunestyret i Hustadvika kommune om påleggjet. Det er det lokale mållaget Eide og Fræna dialekt- og mållag som har bede om at kommunen sikrar at borna som skal inn på nynorskskule, får nynorsk språkstimulering i song, leik og høgtlesing i barnehagen. Beskjeden frå kommunen om å leggje meir til rette for nynorsk har gått ut til både private og kommunale barnehagar.

NYE FORTELJINGAR OM GAMAL BARNDOM:

Ullensvang Mållag er i gang med eit nytt bokprosjekt og står for ei heilt ny barnebokutgjeving, melder *Hordanger Folkeblad*. Det er **Lars O. Bleie** som har skrive 58 småforteljingar henta frå eigen barndom. Forteljingane handlar om både folk og fe, og tek utgangspunkt i korleis det var å vekse opp i eit klyngetun ved enden av løypestrengen som gjekk 400 meter opp frå fjorden og gjennom åtte bruk. Boka, som også har mange illustrasjonar, gjev eit mangfoldig glimt inn i eit barndomsland som ikkje finst lenger.

MÅBLOME TIL COOPEN I ULVIK: Då Caroline Lehmann i Ulvik Mållag oppdaga at den nye butikken i Ulvik hadde plakatar på nynorsk, fekk ho hjarteklapp, fortel ho til avisat Hordaland. Så no har ho og Ulvik Mållag gjeve butikken Coop Prix ein blome. Butikksjefen Hallvard Opheim fortel at dei fekk sjansen til å bli ein nynorskbutikk då dei gjekk frå å vere Coop Marked til å bli Coop Prix.

– Det var så klart noko eg ville ha i butikken her, sidan nynorsk er viktig for folket her, fortel Hallvard Opheim.

KJARTAN FLØGSTAD TIL STØRDAL:

Størdal Mållag og biblioteket inviterer Kjartan Fløgstad til kulturhuset Kimen laurdag 18. september. Då skal han snakke om Litteraturen i krigen – krig i litteraturen.

PÅ BESTSELJARTOPPEN: Jul i Trøndelag er juleheftet som Trønderla get gjev ut kvart år. Det er leiar i Trønderlaget, Espen Tørset, som er redaktør. I år vart Jul i Trøndelag nummer fem på bestseljarlista for desember for sal av antologiar i bokhandlar.

Noregs Mållag har passert 14.000 medlemmer

– Dette gjer oss sterke inn mot dei viktige slaga som ventar, seier ein stornøgd leiar **Peder Lofnes Hauge**.

MÅLLAGET HAR NO det høgste medlemstalet på 32 år. For ti år sidan var talet rett over 10 000 medlemmer. Seinare har det auka i fleire byks, og det totale talet på medlemer ved årsskiftet var 14 104.

– Eg vil takke heile laget for den store jobben det er å verve så mange medlemmer. Både lokalt og sentralt har det blitt gjort ein kjempeinnsats for å nå målet vi sette oss tidleg i fjor haust, seier Lofnes Hauge.

Mållagsleiaren seier det høge medlemstalet vitnar om auka interesse for det politiske arbeidet for nynorsk.

– Fleire og fleire, både blant nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar, ser at vi ikkje kan ta språket for gitt. Vi får stadig historier om dårlig behandling av nynorsk og nynorskelever, til dømes i saker her i Norsk Tidend. Vi treng politisk handling for at nynorsk skal ha gode levekår, og då er medlemskap i Mållaget den fremste garantien.

Mållagsleiaren seier det høge medlemstalet gjev Mållaget styrke



IMPONERT LEIAR: – Både lokalt og sentralt har det blitt gjort ein kjempejobb for å nå det ambisiøse målet om 14 000 medlemmer, seier leiari Peder Lofnes Hauge.

Foto: Jannica Luoto

i dei viktige slaga som ventar. Ut over i 2021 er det særleg arbeid med ny opplæringslov som står for tur.

– Opplæringsvilkåra for nynorskeleverne er mange stader sterkt kritikkverdige. Når regjeringa kjem med

framlegg til ny opplæringslov, er vi difor avhengige av å få gjennomslag for sakene våre. Og di flere vi er, di større er sjansane for å nå gjennom, seier Peder Lofnes Hauge.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



Norsk Målungdom vil ha gull frå heimearkiva

Norsk Målungdom fyller 60 år i år, og no ber organisasjonen tidlegare medlemmer om å sjå etter **gamle minne** i kjellarar og på loft.

I SAMBAND MED 60-årsjubileet i august 2021 har Norsk Målungdom sett ned ei eiga nemnd som har fått i oppgåve å samle inn historisk tilfang. Leiari i soge- og dokumentasjonsnemnda, Fredrik Hope, seier at dei er godt i gang med arbeidet.

– Vi ser at det er behov for ei opprydding, og det er fint å bruke jubileet som eit høve til det. Skrivarstova til Norsk Målungdom ligg no i Oslo, men har tidlegare vore i Bergen. Tilstanga vi til no har funne, har difor vore lagra både her og der.

No appellerer Hope til gamle medlemmer som kan sitje på tilfang som kan vere interessant å ta vare



NEMNDSLEIAR: Fredrik Hope er leiari i soge- og dokumentasjonsnemnda.

Foto: Kristianne Opsal Marøy

på for etertida. Han seier det meste kan vere aktuelt.

– Vi trur at det ligg ein del materiale rundt ikring som folk kanskje ikkje tenker over kan ha ein verdi. Det kan vere alt frå gjenstandar eller

gamle avisar frå lokallaga til digitale dokument som ligg på til dømes diskettar. Særleg interesserte er vi i video og foto frå til dømes demonstrasjonar, både frå lokallag og sentrallekken.

Fredrik Hope jobbar til dagleg ved Nynorsk kultursentrum, med dokumentasjon av den nynorske skriftkulturen. Han seier noko av det innsamla tilfanget kjem til å hamne hjå dei, medan anna går til Nasjonalbiblioteket eller Riksarkivet. Hope minner om at det historiske materialet har ein verdi for samfunnet, ikkje berre for målrørsla.

– Det er viktig å dokumentere historia vår for etertida. Difor oppmodar vi alle som trur dei kan ha noko liggjande, om å ta ein ekstra kik i skuffar og skåp.

Har du historisk tilfang frå Norsk Målungdom? Gå inn på prosjektsida til nemnda og meld ifrå: jubileum.malungdom.no/.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



57 ÅR GAMMALT: Elevavis frå Stabekk elevmållag, 1964.

Det er dei mjuke kjærleiksdikta alle kjenner han for, men **Tor Jonsson** hadde ein av dei skarpaste pennane Noreg har fostra. I kampen mot fattigdom, urettferd, streng pietisme og bygdedyr var han vår alles faneberar. I år det 70 år sidan Jonsson tok livet sitt, berre 34 år gammal.

Tor Jonsson – fattigguten frå orddyrkarbygda

*Eg takkar barndomsheimen
for hat i heilag einseim
og grøda som det gav.*

Frå diktet «Barndomsheimen»

«Det var jo meg han skrev om. Om min barndom og hvordan jeg hadde hatt det. Ikke til å begripe. Jeg ble helt slått ut.»

Slik skildra Arthur Arntzen sitt fyrste møte med Tor Jonsson-diktet «Barndomsheimen» i eit intervju med avisa *Nordlys* – blank i augo.

Arntzen har heilt sidan denne oppdaginga for over 60 år sidan vore ein stor beundrar av Tor Jonsson som «fattigdomens diktar framfor nokon». Også etter at den gamle fattigdomen vart utrydda, har nye generasjonar oppdaga denne diktaren, som kan vere både var og hard.

Fattigguten

Barndomen til Tor Jonsson treng ingen misunne han. Han voks opp på ein husmannsplass i Lom. Foreldra fekk knust draumen om å bli jordeigarar da dei tapte ei rettsak om å få kjøpe plassen som var hei-men deira, eit tap Tor Jonsson opplevde som svært urimeleg. Mora var sjuk store delar av bandomen hans, og faren døydde tidleg. Barndomsopplevingane kom til å prege Tor Jonsson heile livet.

Skulen vart ei velsigning for fattigguten. Han viste seg fram som svært gåverik, og talentet vart godt hjelpt av lærarane han hadde. Lom



GODE ÅR: Lom og Skjåk framhaldsskule 1931–32. Tor Jonsson står som nummer seks frå venstre lengst bak. Jonsson var eit skulelys og omtala framhaldsskulen som «ei lukkeleg tid» i eit seinare brev til lærar Doro Heyerdahl (framme t.h.).

Foto: Kristian Stakston

var ei orddyrkarbygd som trekte til seg mange ressurspersonar og gav vokster for sine eigne.

Lærarane på skulane i Lom var for det meste glødande norskdoms-forkjemparar. Lom var ein av kommunane på Austlandet som tidlegast

vart nynorskkommune, og bygda hadde eit miljø av ressurssterke personar som hadde brukt målreising som plattform for ein breiare kulturmønster. Dei mobiliserte til dømes for demokratiet og røysta mot kongedøme i 1905 slik også mange kommunar i det nynorske kjerneområdet gjorde. Det same miljøet og dei same slektene var sterkt knytte til grundtvigianismen gjennom at det vart etablert friskule i kommunen. Dei førte ein kamp mot kyrkjeleg indoktrinering der symbolsaka vart at elevane ikkje skulle pugge, men tenkje sjølv. Kampen mot å pugge Pontoppidans forklaringar var den symbolske kampsaka.

Etter folkeskulen vart Tor Jonsson elev ved Lom og Skjåk framhaldss-

skule, som var særleg kjend for å vere ein god skule med flinke lærarar. Lærarane såg talentet og las opp for klassa det han skreiv. Til ein av lærarane sine, Doro(thea) Heyerdahl, skreiv han i brev seinare at det var «[...] ei lukkeleg tid. Framhaldsskulen ga oss meir enn vi skjøna den gongen».

Etter framhaldsskulen vart det ikkje meir skulegang på Tor Jonsson, sjølv om han hadde sjansen. Ein annan av lærarane, Randi Bojer, var dotter til den kjente forfattaren Johan Bojer. Ho fekk far sin til å tilby pengestøtte slik at Jonsson kunne få gymnas og høgare utdanning. Han var for stolt til å ta imot tilbodet. Men dette var ei av mange hendingar der lærarar gav han sjølvtillet.

Lom hadde eit miljø av ressurssterke personar som hadde brukt målreising som plattform for ein breiare kulturmønster.



GAV OSS «BYGDEDYRET»: Tor Jonsson vart buande på bygda nesten heile livet, men såg alltid på bygdesamfunnet med eit kritisk blikk. Her er han på Hol Museum, medan han for ein kort periode var redaktør i Hallingdølen.

Foto: Johs. Brye



ORDDYRKARBYGDA: Fem av læraane til Tor Jonsson, som for det meste var glødende norskdomsfolk. F.v. Olav Kvåle, Marie Andberg, Torkil Naterstad, Doro(thea) Heyerdahl og Erik Rudser. Rudser har det meste av æra for det tidlege språkskifte til nynorsk i Lom, i 1899.

Foto: Gudbrandsdalsmusea AS

Også elles i lokalmiljøet hadde Tor Jonsson sterke føredøme, som kan vere med på å forklare kvifor han valde å gjere skrivinga til ein leveveg. Olav Aukrust var ein kanonisert diktar, ikkje berre lokalt, men også nasjonalt. Han var frå same grenda. I nabobygda Skjåk, der Jonsson hadde mange slektingar, hadde Tore Ørjasæter fått eit namn som lyrikar. Det var også mange andre med god og kvass penn i dette miljøet, og grobotnen vart lagt for skribenten Tor Jonsson.

Samfunnsengagementet

Tor Jonsson er mest kjend som lyrikar, særleg av dei ikoniske kjærleiksdikta «Nærast når du er borte» og «Norsk kjærleikssong». I løpet av livet gav han

DIKTARVENER: Tor Jonsson i lag med Einar Skjæraasen (i midten) og Jan-Magnus Bruheim i 1950.
Foto: NTB / Scanpix



HEIMEN: Barndomsheimen til Tor Jonsson i Lom, «Prestekroken». Med nokre korte opphold vart han buande her i lag med mora og ei syster heilt til mora døydde i 1950. Då flytta han til Oslo. Tor Jonsson tok livet sitt i januar 1951. Foto: Hans P. Hosar

ut tre diktsamlingar. Men Jonsson var ein mykje meir allsidig forfattar enn mange veit. Han skreiv også mykje prosa – særleg for dei små og fattige, og alltid i opposisjon til trøngsyn og autoritetar. Debuten som skribent fekk han i *Arbeidermagasinet* 17 år gammal. For å livberge seg var han spaltist og skreiv i ei rekke aviser og blad, og i to korte periodar var han journalist og redaktør.

På mange måtar reflekterer lyriken og prosaforfattaren to ulike sider ved Jonsson. Han er såkalla «sentrallyrikan»; universelle tema som døden og kjærleiken dominerer. Det er langt frå tilfeldig at biografien om han, skiven av Ingar Sletten Kolloen og utgjeven i 1999, fekk tittelen *Berre kjærleik og død*. Som lyrikan er han også sår og sårbar, kjenslevar og personleg uteleverande. Han skreiv nesten ikkje kampdikt, i motsetnad til åndsbrør på venstresida i politikken som Rudolf Nilsen og Arnulf Overland.

Prosaforfattaren er på si side hardtlåande, ofte nesten brutal. Det er i desse tekstene han fører ein politisk kamp på venstresida i sosi-aldemokratiet. Han var medlem i Ap det meste av livet sitt, men meldte seg ut da partiet gjekk inn for Nato-medlemskamp.

Det var med andre ord heilt forskjellige tema som prega lyrikken

og prosaen. Men det var eitt unntak: Jesus og kyrkjja. Dette er i ulike variantar tema både i dikt og artiklar. Mange har diskutert og analysert om forfattaren var gudleg. Det er ingen tvil om at han såg på Jesus som ein stor og revolusjonær helt. Men både i dikt og prosa gjekk han i strupen på presteskapet. «Jesus hadde eit stort program, men så vart det berre kyrkje av det», skreiv han. I heimbygda var han lite plaga av pietismen, men da han kom til Ål som redaktør av *Hallingdølen* i 1946, inkluderte han pietistane i sin kamp mot dei som rekna seg for herrrens utsende på jorda. Den mest kjente artikkelen Tor Jonsson skreiv som redaktør i *Hallingdølen*, hadde tittelen «Skyer på Guds himmel». Forteljargrepet var å skildre kor forferdeleg det var å komme ned frå fjellet der livet og tankane levde fritt og ned til den pietistiske bygda. Eitt av dei 50 nye dikta har også tittelen «Skyer på guds himmel» og er eit veritabelt oppgjer med helveteslæra. Første verset starta slik:

*Du skremde gleda or mi barnesel
og graset gulna i ditt fotefar.*

Tor Jonsson var ikkje berre sentrallyrikan, men i likskap med Olav Aukrust og Jakob Sande var han også folkelivsskildrar. Meir originalt, og mindre vanleg, er det at han også var humo-



rist. Humoren hans er ikkje ukjent, Sparre Olsen gjev mange eksemplar i boka «Tor Jonsson-minne» og Halldis Moren Vesaas skriv at dei to ofte enda opp med mykje humor seg imellom. Men spøk og humor fekk også versiform både i folkelivsskildringane og i kommentarar av samfunnet i dag, ofta dikt han skreiv som journalist og redaktør. Dette er høvesdikt, altså dikt skrive for tida til tilhøva, men det hindrar ikkje at mange av dei skildrar fenomen som vi kjänner att. «Vårknipe» er gammalt uttrykk for at det vart knapt med føde til dyra, men ordet kunne brukast i overført tyding. Diktet «Vårknipe i redaksjonen» er eit dikt som har fått ny aktualitet i ei tid der avisene har kvitta seg med journalistar, manglar stoff og fyller opp med store bilete samstundes som den minste halsvondt minner oss om pandemien:

*Vi sit og snufsar med
kvar vår snue
og veit kje kva vi skal ta oss til.
Ingen er det å intervju.
Det beste er vel å teie still.*

Jonsson og språket

«Ordet» er det første diktet i den første diktsamlinga til Tor Jonsson, *Mognin i mørket*. Da storprosjektet Norsk Ordbok 2014 vart avslutta med eit festskrift i 2016, fekk det tittelen sin frå dette diktet, *Livet er æve, og evig er ordet: Norsk ordbok 1930–2016*. I ettertid ser vi at dette også var eit programdikt for det forfattaren skulle få som fanesaker. Sjølv sagt var diktet på nynorsk. Det finst berre

eit fåtal eksempel på at Tor Jonsson prøvde seg med bokmåltekster trass at han gjennom det meste av vaksenlivet publiserte i bokmålsaviser som *Dagbladet* og *Arbeiderbladet*.

Språkval var viktig for Jonsson, og spørsmålet var: Skulle han følgje i fotspora til dei store diktarane som hadde trakka opp diktartigen i desse bygdene? Olav Aukrust skreiv dikt som var på konservativ nynorsk eller dialekt. Venen Tore Ørjasæter skreiv også eit konservativt nynorsk. Jonsson starta i same tradisjon slik lærarane hans også hadde undervist, men gjekk over til det som den gongen kanskje kan kallast eit radikalt austlandsnynorsk. Han var også overtydd om at nynorsken laut normaliserast skulle skriftspråket få utbreiing. Med dette utgangspunktet polemiserte han mot det han kalla «dialektpusleriet». I artikkelen «Kongstanken i målstriden», der han også stod fram som sammorskemann, skreiv han mellom anna: «Mange lærarar brukar den metoden i norskundervisninga at borna skal nytte dei formene som ligg nærmast dialekten. Dette er i strid med eit nasjonalt målreisingsarbeid, og er kanskje ei av årsakene til at borna går over til bokmålet straks dei er ferdige med skulen. Dei har lært eit lokalfarga nynorsk i staden for eit landsmål.»

Lever forfattarskapen vidare?

Det er brei semje om at Tor Jonsson var ein stor lyrikan, og det er nå ingen som er i tvil om at mange av dikta hans vil leve vidare. Det er større usemjø om dimensjonane hans som prosaforfattar.

*Tor Jonsson var overtydd
om at nynorsken laut
normaliserast skulle skrif-
språket få utbreiing.*



Nesten alle er samde om at han hadde ein god penn. Det var ikkje tilfeldig at ein nynorsking fekk spalteplass og open dør også i Oslo- og rikspressa. Diskusjonen går på om prosatekstene toler tidas tann. Eit synspunkt er at han førte ein kamp mot det gamle samfunnet, bonde- og slektssamfunnet, som var eit samfunn som ebba ut. Var han ein heimstadsfattar i snever forstand, altå ein fattar som ikkje kopla mellom det lokale og det globale, det spesielle og det allmenne? Eg meiner det som har skjedd i ettertid, viser at dei tema han tok opp også var relevante i framtida. Utval av artiklane og prosaen har kome i nye bøker gong etter gong og sjølv sagt ikkje berre fordi dei er godt skrivne. Seinast i 2016 vart det meste samla i boka *Eit ord er eit under*. Dette er eineståande.

Etter mitt syn er hovudforklaringa på at Tor Jonsson kjem att gong etter gong også som prosaforfattar, val av tema. Religion og konflikt mellom liv og lære og fattige som offer er døme. Han var glødande pasifist, og krig, fred og nasjonalisme går att i mange artiklar, spissformulert som i artikelen «Fri oss frå fedrelanda».

Eit tilbakevendande tema hjå Tor Jonsson er trone bygdesamfunn. Ordet «bygdedyret» er faktisk eit nyord som stammar frå han (35 000 googletreff). Med god hjelp av essaysamlinga *Blant bygdedyr og vestkantkrokodiller*, sett saman av biograf Ingvar Sletten Kolloen, har det vorte eit omgrep alle har høyrt om og kjenner til. Jonsson sjølv brukte ordet berre éin gong. Teksta heiter

«Liket» og handla om ein ungdom som tok sitt eige liv på grunn av det som seinare har vorte kalla mobbing. Denne teksta har skuleverket ofte brukt for å få til samtalar om mobbeproblemet. På den måten har mange i ung alder vorte kjent med forfattaren.

Mange, ikkje minst i heimbygda, trudde det var Lom som var «offeret» når Tor Jonsson skrev om bygdesamfunnet. Slik var det ikkje. I ungdomen og tidleg forfattarkarriere knytte han saman det han las med det han opplevde og gav tekstene meir allmenn karakter. Seinare, i storbyen Oslo og som redaktør i *Hallingdølen*, utvida eigne erfaringar seg. I diktet «Bygdabøgen» skriv han: «Borte fann eg heime att.»

Sjølv om Tor Jonsson kom frå små kår og vart ein intellektuell, slutta han ikkje å vere fattig. Berre nokre månader før han tok livet sitt, kom han innom redaksjonen til *Norsk Tidend* for å selje eit dikt til spottpris fordi han ikkje hadde pengar til vottar og fraus så på fingrane. Dette var ein første versjon av diktet som gav tittelen til diktsamlinga som kom ut etter hans død. Tittelen var *Ei dagbok for mitt hjarte*.

HÅVARD TEIGEN

Håvard Teigen er leiar i Tor Jonsson-laget og professor emeritus i historie.



GRAVSTAD: Tor Jonsson avslutta livet med ein overdose tabletta, på ei hytte han leide på Ingierstrand ved Bunnefjorden. Han vart funnen av Tarjei Vesaas og døydde nokre dagar seinare på Ullevål sjukehus. Jonsson er gravlagd i Lom.

Foto: Lom kommune

Ei dagbok for mitt hjarte.
Av Tor Jonsson.

I

Lauvskogen gulnar i ungdomsli.
Men enno minnest eg gjenta mi.

Stilla var eingong ein gjentesong.
Der lauvet fell, har du gøtt ein gong.

Sorga og kjærleiken deler vårt brød.
Der lauvet fell, skal det falle snø.

Haustkvelden knyter si kalde hand.
Der lauvet fell, er mitt fedreland.

II

Einsemrd i stengde rom —
Einsemrd og rop.
Einsemrd i folkehop.
Kvinner som aldri kom —

Loge i lang natt.
Brann i ein bortgøyd dag.
Loge og lagnadsslag —
Seint finn vi freden att;

Avsyrge gledders fred,
alderdoms augnetryst,
øve og einsemadryst —
Gud feller tornetre —

III

(Augustsong.)
No er natta som augo dine.
Augustnatta er ikkje glad.
Men stjernene lyser
over all mognings vemoed.

Eitkvart skal skje —
Når hugen er fullflødd av sorg,
finn eg fred.
Men over hav i den lange natt
flyg det ei duve eg slepte ut —
Ho kom ikkje att.

IV

Tida er trøyyt av mogning.
Men ave står mektig over,
over dei gule åkrar
og sorg eg har sett i augo dine.

Du plukka ein blom som eg trødde på.
Så trødde eg på ditt hjarte.
Da gav du meg hjarte og bad meg sjå —

Eg såg ein blom som eg trødde ned,
eg såg ditt sorgtunge hjarte
og kjende underet i meg skje —

Du gav meg meir enn ein glømt av liv.
Ved deg kan eg evig sanne
at ånd over avgrunnen i meg sviv —

V

Kven har kviskra til gjenta mi
i denne natt
at den som gjev av si levitet,
får øve att?
Ingen lova deg livsens fred
for det du gav.
Kven bad deg vaka over min ve
og over mi grav?

VI

(Kjærtek.)
Hav i min hug,
no voggar du over ein blømande skog.
Eit hav som fløymer og aldri fell,
stig imot fjellet og eingong fann,
mitt einslege fjell.



SYNLEG VINNER: Arne Brimi gjer nynorsk synleg gjennom både servering og anna turistverksemeld i Gudbrandsdalen.

Foto: Noregs Mållag (t.v.) og Skigard og Treskilt AS



FORSEINKA UTDELING I BISPEGARDEN: Nesten eit år på overtid

Nynorsk næringslivspris 2020 til Arne Brimi

Nynorsk næringslivspris 2020 er tildelt kokk, gründer og forretningsmann **Arne Brimi**.

– **VI ER** svært glade for å kunne gje Nynorsk næringslivspris til Arne Brimi. Han har gjennom mange år vorte eit ikon på bruk av dialekt, anten det er på fjernsynet eller i andre medium. Og han nyttar nynorsk i marknadsføringa si med stor suksess, seier Anders Riise, juryleiar for Nynorsk næringslivspris.

Nynorsk næringslivspris vart fyrste gong delt ut i 2006. Føremålet med prisen er å fremje innsats for og bruk av nynorsk i næringsverksemeld.

– Arne Brimi er nok mest kjend som kokk, men det er ikkje godt å skjule at også den særeigne dialekten og skriftspråket er

ein viktig del av merkevara Arne Brimi, seier Riise.

Arne Brimi driv fleire – og er engasjert i endå fleire verksemder som er tufta på mykke lokal tradisjon og berekraft. Det er då godt å sjå at Arne Brimi er oppteken av reine råvarer og tradisjonelt handverk, og at nynorsken vert ein naturleg del av denne filosofien.

– Juryen håpar at nyetablerarar og andre gründerar merkar seg dette og held fast på nynorsken, og nyttar han til sin fordel i næring og marknadsføring, seier Anders Riise.

Prisen vart delt ut i Våga tidleg i februar.

Juryen for Nynorsk næringslivspris er Anders Riise, leiar, Marianne Granheim Trøflat, Olin Johanne Henden, Kristofer Olai Ravn Stavseng og Øystein Skjæveland.

Tidlege vinnarar er mellom andre Fjord1, Sogndal Fotball og Ægir Bryggeri.

Eit godt digitalt år for Nynorsk kultursentrum

I 2020 var det for første gong over 800.000 besök på **nettsidene** til Nynorsk kultursentrum.

– **EG ER GLAD** vi har vore til stades digitalt i eit år der fysisk nærvær har vore vanskeleg, seier direktør Per Magnus Finnanger Sandmark i Nynorsk kultursentrum i ei pressemelding.

Nynorsk kultursentrum har fast verksemeld i Aasentunet i Ørsta, på Haugesenteret i Ulvik og på Vinjesenteret i Vinje. Dei driv fleire nettstadar og ein podkast og reiser kvart år rundt i heile landet med utstillinger, arrangement og turnear.

Trass i den utfordrande koronasituasjonen var Nynorsk kultursentrum til stades med utstilling eller arrangement i 54 kommunar i 2020. Vandretstillingane hadde 1.115 framsyningsdagar i 2020. Det er nesten 100 dagar meir enn førre rekord – trass ein periode med koronastengde bibliotek.

Stor merksemeld i år fekk også 17. mai-helsinga til stiftinga, der «Nordmannen» (Mellan bakkar og berg) blei presentert med ein ny video, rapp og folkekor. Både NRK, TV 2 og VGTV viste videoen med den folkekjære songen i ny drakt. Filmen er no tilgjengeleg på YouTube.

Biskop Kari med Målpris

– Eg er ei målkvinne, og som kyrkjeleriar er eg oppteken av å bruka hjartespråket, sa **Kari Veiteberg** då ho tok imot Målprisen frå Noregs Mållag på 60-årsdagen.

EIGENTLEG SKULLE VEITEBERG fått prisen på landsmøtet til Noregs Mållag i fjor, men på grunn av koronapandemien har prisutdelinga blitt utsett. Med 60-årsdagen til biskopen baud det seg endeleg eit passande høve. Prisen vart delt ut i Bispegården av styremedlem i Noregs Mållag, Inger Johanne Sæterbak.

I grunngjevinga blir det peika på at Kari Veiteberg som biskop i Oslo bispedøme er godt synleg i kyrkja – ikkje berre i Oslo, men over heile landet. Gjennom radio og TV er det mange som har lytta til bodskapen hennar og



INGER JOHANNE RUSET
leiar i Kringkastingsringen

Skuldebukken Korona

HAUSTEN MIN VAR fæl. Ein vond miks av utmattande koronatiltak, dødsfall i familien og min eigen isjias gjorde at eg sleit med å halde det gåande. Dagleg leiar i Kringkastingsringen skjønte kor landet låg, og tilbydde seg å skrive førre utgåve av denne spalta for meg. Sjølv orka eg ikkje.

EI NÆR VENNINNE vart desto meir bekymra då ho las spalta som eg hadde signert. Ho ringte meg sporenstreks. «Inger Johanne, går det bra med deg? Desse a-endingane ... du liknar ikkje deg sjølv!» Ho hadde sjølv sagt rett. Det var ikkje mitt språk, det er ikkje slik eg skriv min nynorsk. A-endingar er derimot vår gode daglege leiar Kjartan sin signatur. Eg skamma meg, men trøysta meg med at meiningsinnhaldet ville ha vore det same. Vi er på lag, eg og Kjartan. På lag for betre kår for språkmangfold i media.

NO ER DET eit nytt år med blanke ark, og eg er tilbake i kampform. Etter 50 år nådde NRK endelig kravet om 25 prosent nynorsk i 2019. Vi jubla, men utover i 2020 fall medieinstitusjonen tilbake til gamle bokmålske synder. Leiinga skuldar på koronakrisa og behovet for fleire aktualitetssendingar. Ein pussig argumentasjon, for det blir som å hevde at nynorsk ikkje kan brukast under tidspress.

FOR Å LØFTE nynorskprosenten igjen vil leiinga no forsøke å overtale nynorskkompetente NRK-journalistar til å bytte frå bokmål. Vi i Kringkastingsringen er skeptiske. Språk er personleg og viktig for integriteten til dei fleste journalistar. På same måte som eg ikkje føler for å skrive a-endingar, er nok mange journalistar lite lystne på å skulle bytte målform etter statlege behov. Vi har derfor eit betre forslag til NRK: Tilset fleire nynorskjournalistar! Desse er fullt i stand til å leve nynorsk i medvind og motvind, i global krise og i agurkesesongen.

VED Å FØRST og fremst tilsette journalistar som har nynorsk som sin primæridentitet, vil NRK lett kunne nå 25-prosentkravet utan vidare mikromakk. NRK-leiinga kan då heller koncentrere seg om å finpusse språkkompetansen til journalistane generelt – uavhengig av målform. I 2021 skal Kringkastingsringen følgje tilsettspolitikken til NRK med argusauge.

*Tilset fleire ny-norskjournalistar!
Dette er fullt i stand til å leve nynorsk i medvind og motvind.*



fekk Kari Veiteberg Målprisen 2020 frå Noregs Mållag og styremedlem Inger Johanne Sæterbakk (t.h.).
Foto: Beate Haugtrø / NPK

Veiteberg heidra sen på 60-årsdagen

gledd seg over sunnhordlandsdialekten hennar, meiner Mållaget.

– Med den som klangbotn brukar ho røysta og språket godt, sa Sæterbakk under utdelinga.

Set ord på livet

Sæterbrakk trekte særleg fram evna Veiteberg har, til å finna ord og språk som når inn til menneske i mange ulike livssituasjoner.

– Som prest og seinare biskop har Kari Veiteberg sett ord på dei viktigaste kjenslene og hendingane i livet. Om fødsel og død, om kjærleik og sorg, og om tru og håp. Ja, om livet sjølv.

På vegner av juryen sa Sæterbakk at ho i dette arbeidet har vist kor mykje språket og nynorsken rommar og ber med seg.

– Ho syner oss kor nært det blir, desse møta mellom menneska og trua. At ein kan finna trøyst og få kvile iorda, og til andre tider bli løfta av bodskapen og orda.

Gjennom måten Veiteberg brukar språket på, gjer ho trua nærmare for dei som trur og

meir levande for dei som ikkje trur, meiner juryen.

Glad og audmjuk

Sjølv er Kari Veiteberg glad og takksam for prisen.

– Det er ei ære. Eg er svært glad for at det blir verdsett at ein leiar brukar nynorsk i det offentlege rommet. Det er viktig for meg. Eg er ei målkvinne, og som kyrkleiar er eg oppteken av å bruka hjartespråket.

At ho som biskop i Oslo brukar dialekt og skriv nynorsk, tek ho likevel ikkje som ei sjølvfølgje. Då ho på 1990-talet skreiv andaktar i Aftenposten, blei ho rådd til å skriva på bokmål for å få fleire leserar. Etter å ha rådført seg med Berge Furre, valde ho å halda på nynorsken. Det har ho halde fram med også etter at ho blei biskop.

Målprisen blir delt ut av Noregs Mållag kvart år. Blant tidlegare vinnarar er Yngvar Andersen, Jon Fosse og Magni Øvrebotten. Juryen for Målprisen er styret i Noregs Mållag.

NPK OG ASTRID MARIE GROV



VIL SKJERPE SEG: Thor Gjermund Eriksen lovar å gjere ein innsats for å greie kravet om 25 % nynorsk i NRK.

Foto: Vidar Ruud / NTB



NRK tilbake til gamle språksynder

NRK klarte i fjar ikkje å surfe på bølgja med 25 prosent **nynorsk** etter endeleg å ha nådd kravet i 2019. No er både dei sjølve og andre skuffa.

I 2019 VART det skrive språkleg historie i NRK. For første gong på 50 år nådde NRK kravet om 25 prosent nynorsk. I 2020 er det tilbake til gamle synder. Totalt var 24,2 prosent av innhaldet til NRK på nynorsk.

Kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen fortel til eigen kanal at satsinga på direktesendingar med nyheiter då landet stengde ned i mars, har vore med på å dra ned nynorskprosenten.

– Vi hadde ikkje mange nok nynorsktalande programleiarar på nyheiter på dei nasjonale flatene, fortalar Eriksen. Samstundes gjorde pandemien at mykje planlagd innhald ikkje vart noko av. Men han meiner dei bør skjerpe seg framover.

Det er NRK.no som i 2020 hadde lågast prosentdel

nynorsk. Berre 17 prosent av det skriftlege innhaldet til NRK var på nynorsk.

– Vi har gått ned frå i fjar, og det er ekstra ille. Det handlar jo om at nynorskbrukarane skal få sjå språket sitt og ikkje berre høre det på TV eller radio, seier språksjef i NRK, Karoline Riise Kristiansen, til NRK.no.

Språksjefen er klar på at dei både må bruke meir nynorsk og vekke dei med nynorskkompetanse som ikkje er flinke nok til å bruke han, og vere skodde også når ei krise oppstår.

Leiar ved Nynorsk mediesenter Magni Øvrebotten er skuffa over tilbakegangen. Sidan 2004 har ho sendt frå seg 165 nynorskbrukande journalistar frå mediesenteret i Førde.

– Vi sola oss kanskje for lenge i glansen av å ha klart 25 prosent etter 50 år, seier Øvrebotten.

Også i Noregs Mållag synest dei det er leitt og skufande at NRK ikkje klarte nynorskkravet.

– Vi hadde jo ei forventning om at det var eit lovkrav som vi skulle sett blei innfridd i alle år framover, seier leiar Peder Lofnes Hauge til kanalen. No forventar han at kravet blir nådd i 2021.

NPK

Framleis nynorsk i Møre og Romsdal fylkeskommune

Nynorsk skal framleis vera administrasjons-språket i fylkeskommunen, har **fylkestinget** bestemt.

REPRESENTANTEN MONICA MOLVÆR (H) meinte det er viktig med språkleg valfridom i fylkeskommunen. Men forslaget hennar om å gjera administrasjonsspråket i fylkeskommunen språknøytralt blei nedstemt, fortel NRK. Resultatet vart 30 mot 17 stemmer i fylkestinget.

Blant dei som tok til orde for å halda på nynorsk, blei det ifylgje kanalen peikt på at nynorsk er ein viktig del av kulturarven som det er viktig å verna om.

Både Nynorsk kultursentrums og Noregs Mållag er glade for at nynorskforkjemparane vann fram i saka.

– Nynorsk kultursentrums er svært glade for at fylkeskommunen framleis skal ta eit særleg ansvar for å gjera nynorsk synleg, seier direktør Per Magnus Finanger Sandsmark i ei pressemelding.



IDENTITET: – Nynorsk er fylkesvåpenet vårt, sa Hans Olav Myklebust (FrP) under ordskiftet i fylkestinget.

Arkivfoto: Emilie G. Vatnøy / avis Møre

Han peikar på at det denne gongen var fleire som var for nynorsk, enn under votinga i 2016.

Også leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, gler seg over nynorskvedtaket i Møre og Romsdal.

– Det blæs ein nynorsk vind over Møre og Romsdal denne adventstida, seier han i ei pressemelding og viser til at Ålesund kommune nyleg vedtok ein målbruksplan som stadfestar kommunen som nynorsk-kommune.

NPK

108 or nynor

108 ordførarar i fylke og kommunar med nynorskelever har skrive brev til **Google** og krev nynorskversjoner av program som er mykje i bruk i skulen.


KVART ÅR BYRJAR mellom 7.000 og 8.000 førsteklassingar med nynorsk som opplæringspråk i norsk skule og det er over 90.000 nynorskelever i grunnopplæringa.

– Det er viktig for oss, som ordførarar, at desse barna skal ha like høve til å bli trygge på språket sitt og digitale ferdigheter som andre elevar i norsk skule, seier ordførar i Stad Alfred Bjørlo i ei pressemelding.



IKKJE FOR NYNORSKELEVAR: Elevane ved Ulsteinvik barneskule er mellom dei som merkar at Google sine produkt berre er tilpassa bokmålsopplæring.

Foto: Solveig Nyhus Aksnes / NRK



Tor Jonsson-samling med tidlegare upubliserte dikt

70 år etter at **Tor Jonsson** gjekk bort, nyutgir Samlaget ei diktsamling – utvida med 50 dikt.

Samlinga har tittelen «Nærast er du når du er borte», og her finn vi dikt i utval frå dei fire samlingane han gav ut: «Mogning i mørkret», «Berg ved blått vatn», «Jarnnetter» og «Ei dagbok for mitt hjarte».

I tillegg er dikt han skrev til avisene Dølenes Blad og Hallingdølen – og dessutan tidlegare upubliserte dikt frå privatarkivet – òg inkluderte.

Tor Jonsson (1916–1951) blir rekna som ein av dei mest markante essayistane og diktarane våre, kjent mellom anna for å setje ord på sitt syn på makt og forskjellar i samfunnet.

«Sosial indignasjon går som ein raud tråd gjennom dikttinga hans. Sinne og forakt overfor det tradisjonsbundne, ættedyrkande og klassedelte bygdesamfunnet er òg essensen i fleire av dei nye dikta som er tekne med her, til dømes «Skatteklage», skriv Rita Mundal i Tor Jonsson-laget, i forordet.

Jonsson skrev i alle sjangrar, og gjorde seg – ved sida av diktarverket – òg merkt med både skodespel og artiklar.

NPK

Ordførarar med skkrav til Google



TALSPERSON: Ordførar i Stad Alfred Bjørlo er talsperson for oppropet på vegner av 108 ordførarar.

Foto: Ned Alley / NTB

- ◆ Google Chromebook
- ◆ Google Classroom
- ◆ Nynorsk rettskrivningsprogram

– Dessverre tilbyr ikkje Google nynorskversjonar av program og appar, eller tilfredsstilande nynorske rettskrivningsprogram. Vi vil med dette brevet oppmøde Google til å gjøre det mogleg for skulane å bruke tilboda som dei tilbyr, og samstundes støtte opp om nynorskelevarane, seier Alfred Bjørlo.

Initiativet til brevet er teke av mållaga i Ørsta, Volda, Stranda og Ulstein. Nynorsk kultursentrums, Noregs Mållag, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nasjonalt sentrum for nynorsk i opplæringa har samarbeidd om å organisere oppropet.

NPK

Saman med dei andre ordførarane krev han at Google har eigne språkversjonar for nynorsk av programvare og appar på:

- ◆ G Suite for utdanning, inkludert program for tekstbehandling, rekneark, presentasjoner, kalender, videomøte og e-post

Pionertiltak for nynorsk i Bergen

I Bergen blir det fast tilbod om **nynorsk parallelklasser**.

Det blir sett av midlar til eit fast tilbod om nynorsk parallelklasse i Bergen sentrum – uavhengig av kravet om ti elevar.

Det er klart etter ein budsjettavtale mellom byrådspartia og Senterpartiet og SV i Bergen.

– Dette er ei historisk satsing på nynorskelevar i Bergen. No håper eg alle foreldre som kan tenkje seg å ha ungane i ein nynorskklasse, melder seg på, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, i ei pressemelding.

Byrådet gjer det no lettare for foreldra ved å tilby nynorskklasse til dei som ønskjer det for ungane sine, utan at foreldra sjølv må ta jobben.

Etterlyser opnare Utdanningsdirektorat

Snart skal norske elevar få ny **opplæringslov**. Men kva Utdanningsdirektoratet meiner dei skal ha rett på, risikerer omverda å få vite svært lite om.

– Viktig for det offentlege ordskiftet at direktoratet er opne, meiner leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge.

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

arbeider for tida med ei ny opplæringslov, som det er venta skal bli lagd fram for Stortinget i løpet av dei nærmaste åra. Lova gjev kommunar og andre aktørar plikter overfor skuleelevene i Noreg, og for Noregs Mållag er den nye lova eit høve til å gjere vilkåra for nynorskelevane og for nynorsk i skulen betre.

Men så langt i prosessen har Noregs Mållag blitt skuffa. Fyrste framlegg til ny lov, som vart lagd fram av eit regjeringsoppnevnt utval i desember 2019, var utan framlegg til betringar for nynorskelevane.

– Ei totalvurdering

Det ansvarlege fagdirektoratet for tilhøva i norske skular, Utdanningsdirektoratet, er ein sentral faginstans i arbeidet med ny lov. Direktoratet har bidrige med innspel til arbeidet i opplæringslovutvalet, og deltek no i arbeidet med ny lov hos Kunnskapsdepartementet.

Utdanningsdirektoratet har kunnskapsinnhenting som ei av sine oppgåver. Gjennom fleire år har direktoratet mellom anna bede om innspel til nynorskoplæringa gjennom ei eiga innspelsgruppe forum for nynorsk i opplæringa, der Noregs Mållag er blant deltakarane. Blant andre deltakarar er både Språkrådet og Nynorsk kultursentrum.

Men korleis Utdanningsdirektoratet meiner lærerstilhøva for barn og unge skal vere i ei ny opplæringslov, risikerer ålmenta å få vite lite om. Så langt har direktoratet berre levert eit overordna høyringssvar på fem sider. Av 57 kapittel i utgreiinga frå utvalet, har Utdanningsdirektoratet vilt å gje innspel til 8 av dei.

Cathrine Børnes er avdelingsdirektør i avdeling for opplæringslova i Utdanningsdirektoratet. Børnes vil ikkje gå inn på kva vurderingar som ligg til grunn for kva innspel frå Utdanningsdirektoratet som skal vere offentlege.

– Etter ei totalvurdering har vi i høyringssvaret vilt å gå inn på dei overordna problemstillingane som utvalet tok opp. Innspel til andre delar av lova vart gjevne i møte, til



KNAPT HØYRINGSSVAR: Utdanningsdirektoratet har så langt meint lite om ny opplæringslov som ålmenta får innsikt i.

Foto: Kjetil Ree

dømes i styringsgruppa til Kunnskapsdepartementet.

Børnes meiner det er naturleg at mykje av kommunikasjonen mellom eit departement og deira underliggende fagorgan skjer løpende og ikkje gjennom høyringsinnspel.

– Utdanningsdirektoratet leverer store og små innspel på opplæringsfeltet til Kunnskapsdepartementet dagleg. Mange av desse er offentlege.

Børnes seier Utdanningsdirektoratet vil vurdere om dei skal sende inn fleire høyringssvar til seinare lovframlegg, men at det ikkje er sikkert det kjem fleire offentlege innspel før lova blir levert til Stortinget.

– Når lovframlegget frå Kunnskapsdepartementet er klart seinare i år, skal vi igjen vurdere det.

– *Sidan Mållaget deltek i ei innspelsgruppe for nynorsk i opplæringa i regi av Utdanningsdirektoratet, er det av interesse for organisasjonen å vite kva desse innspela blir brukte til, og om dei blir tekne vidare. Ville det ikkje for slike føremål vore ein fordel om direktoratet gjorde innspela sine offentlege?*

– Her må ein ha tillit til at Utdanningsdirektoratet som fagorgan, og også departementet, får med alle relevante innspel.

Opplæringslovutvalet fekk mange innspel om nynorsk frå ulike organisasjonar, og dei er refererte i utgreiinga. Utvalet hadde til dømes ikkje mandat til å føresla tiltak som kostar pengar, slik som språkdelte ungdomsskule.

Etterlyser meir openheit

Leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, meiner Utdanningsdirektoratet bør vere meir opne om kva faglege innspel dei gjev i arbeidet med ny opplæringslov.

– Direktoratet er den sentrale faginstansen for den norske opplæringa, ikkje ein tilfeldig høyringsinstans. Difor er interessant for det offentlege ordskiftet å vite kva dei meiner, både om nynorskoplæringa spesielt og om opplæringsituasjonen for norske elevar generelt.

Peder Lofnes Hauge meiner Børnes si oppmoding om tillit til direktoratet ikkje held.

– For det første handlar openheit om ein god offentleg debatt, som er viktig i eit demokrati. For det andre har ikkje Utdanningsdirektoratet historia med seg. Direktoratet ber Noregs Mållag om innspel gjennom jamlege møte i forum for nynorsk i opplæringa, noko vi har bruka ein god del tid på oppgjennom. Vi har likevel sett lite til konkrete resultat for nynorskelevane og situasjonen for nynorsk i skulen av det vi har meldt inn.

Lofnes Hauge presiserer at han skjørnar at ein del av kommunikasjonen i eit lovarbeid ikkje blir offentleggjort. Han meiner likevel at Utdanningsdirektoratet i kraft av si rolle bør ønske å vere meir opne om kva dei meiner.

– Akkurat som det er interessant for ålmenta å vite kva Vegdirektoratet meiner er best når det gjeld veg, er det interessant å vite kva Utdanningsdirektoratet meiner er best når det gjeld skule. Men arbeidet med opplæringslova er ikkje over, og eg vonar Utdanningsdirektoratet vil dele meir frå no av.

Openheit handlar om ein god offentleg debatt, som er viktig i eit demokrati.

*Peder Lofnes Hauge,
leiar i Noregs Mållag*

‘Skole’

Somme stader er det uklart om ny-norskskular heiter ‘skule’ eller ‘skole’.

– Det er alvorleg når ‘skole’ blir ei brekkstong inn i bokmålet, meiner leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge.

SIDAN 1938 HAR ein kunna skrive både ‘skole’ og ‘skule’ på nynorsk, og i fleire kommunar har nynorskskular blitt merkte av samnorskperioden gjennom omdøyping til ‘skole’. Byta har skjedd i løpet av siste halvdel av 1900-talet og er stort sett sette i verk av kommuneadministrasjonen utan politisk involvering – fleire stader av ein rektor eller kommunalsjef.

Har ikkje sjekka offisielle register

Norsk Tidend har undersøkt slike namnebyte fleire stader i dei nynorske randsone. Somme stader er bytet enkelt å tidfeste. Eit døme på det er Aure kommune på Nordmøre. Kommunen fekk ny skulesjef i 1963, og frå då av har nynorskskulane i kommunane heitt ‘skole’ fordi han ville det slik og konsekvent skreiv ‘skole’ i offentlege dokument, får Norsk Tidend opplyst av kommunen.

Andre stader igjen er det vanlege å finne eit konkret tidspunkt – eller i det heile informasjon om kva skulane i eigentleg heiter. I Strand kommune i Rogaland opplyser kommunalsjef Guro Harboe Ur at ho ikkje har sjekka offisielle register om namnet på skulane i kommunen, og at skulenamna meir handlar om tradisjon enn offisiell namngjeving.

Kommunalsjefen opplyser at ho likevel har ei oppfatning av kva skulenamna er. Ein av dei største skulane i kommunen heiter ‘Tau skule’, opplyser kommunalsjefen oss. Likevel vart skulen heitande ‘Tau skole’ då nye skilt skulle setjast opp i fjar.

Ur vil ikkje svare på spørsmål frå Norsk Tidend om det ikkje er merkeleg at kommunalsjefen ikkje er sikker på kva skulane har til namn, og at det har blitt sett opp skilt med ‘skole’ på ein skule som ho sjølv trur heiter ‘skule’.

Dokument frå arkivet i Strand kommune viser at ‘skole’ har blitt mykje brukt i offentlege papir, men

e' i nynorskland?



NYNORSK 'SKOLE': I Strand kommune i Rogaland er både 'skole' og 'skule' i bruk. Kommunalsjefen for opplæring seier til Norsk Tidend at det etter hennar opplysingar heiter 'Tau skule', slik det også står på skiltet på det gamle skulebygget. Like fullt har dette skulebygget sett opp i 2019 fått skilt med 'Tau skole'.

Foto: Gaute Henriksen / Strandbuen, innfelt foto: ukjent

arkivet har ikkje lykkast med å finne noko vedtak på namneskifte frå 'skule' til 'skole' i kommunen.

- Et randsonefenomen

Peder Lofnes Hauge er klar på at han føretrekker at nynorskskular heiter 'skule'.

– 'Skole'-namna er eit randsonefenomen, noko vi ser der nynorsk-tradisjonen lever med eit sterkt press

frå bokmål, også lokalt. Ved somme av skulane som heiter 'skole', er det no mange bokmålselever. Sjølv om det sjølvsagt finst bokmålselever ved mange andre skular òg, er det ikkje tvil om at 'skole' som namn bidreg til ein vaklande språkleg identitet for nynorskskular. Vi kan ikkje undervurdere den viktige rolla lokale styresmakter spelar i å påverke språkhaldninga, og eit namn er kanskje

det aller viktigaste symbolet vi har. 'Skole' blir fort oppfatta som eit steg inn i bokmålet, både av elevar, foreldre, tilsette – og ålmenta generelt.

Lofnes Hauge seier det er kommunane som skuleigarar som avgjer skulenamna. Han meiner likevel at bruken av 'skole' kan vere kritikkverdig.

– Eg skal ikkje leggje skjul på at eg er kritisk til ein praksis som

den vi ser i Strand, der kommunedirektoratet ser ut til å ha eit tilfeldig forhold til om skulane heiter det eine eller andre. Det inneber fort at både ålmenta, elevar og foreldre får eit slumsete forhold til bokmål eller nynorsk. Det går hardt utover nynorsken og nynorskelevane.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



KOMMUNALSJEF: Guro Harboe Ur er kommunalsjef for opplæring i Strand.

Foto: Stine Serigstad / Strandbuen

Nynorskskular med bokmålspraksis

I Strand kommune er det berre nynorskskular, men **bokmål** er langt på veg det primære bruksspråket når skulane profilerer seg på nett. Kommunen ønskjer ikkje å kommentere praksisen.

NORSK TIDEND HAR gått gjennom Strand kommune si facebookside «Strandaskolen» og Tau skule si heimeside på nett, der skulane legg ut meldingar, i stor grad retta mot foreldre. På den fyrstnemnde er nynorsk heilt minimalt brukt, og på den andre er bokmål einera-

dande i meldingar frå skulen (10. januar).

Alle skulane i Strand har nynorsk som opplæringsmål, men dei fleste skulane har mange bokmålselever. Kommunalsjef for opplæring i Strand Guro Harboe Ur skriv dette i ein-post til Norsk Tidend: «Eg trur at dersom me hadde hatt ei ny folkerøysting i kommunen vår i dag, ville bokmål bli valt til hovudmål i skulane. Dette fordi me har hatt stor innflytting til kommunen, og svært mange av dei føresette skriv sjølv bokmål.»

Norsk Tidend har stilt kommunalsjef Ur desse spørsmåla om den administrative språkpraksisen til skulane i Strand:

– *Er det ikkje litt merkeleg at ein*

commune som berre har nynorskskular, knapt ser ut til å bruke nynorsk i kommunikasjonen ut mot foreldre?

– *Om det stemmer at majoriteten av foreldra på skulane i Strand ønskjer bokmål for sine ungar, må vel dette kunne seiast å vere haldninga som blir godt hjelpe av kommunedirektoratet? Det er vel også grunn til å stille spørsmål ved lojaliteten til administrasjonen overfor dei politiske vedtaka dei er pliktia til å følgje, om at skulane i Strand er nynorskskular?*

Guro Harboe Ur vil ikkje svare på spørsmåla frå *Norsk Tidend*. Kommunedirektør Ketil Reed Aasgaard viser til Ur.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Mellom 17. november og 19. januar fekk Noregs Mållag 370 565 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsk betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Sverre Aalvik
Sverre Aalvik
Lars Aasbø
Anne Margrethe Bjæen
Torfinn Brokke
Rolf Fredriksen
Angerd Gjerdan
Jon Olav Gryting
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Gunhilde Langerud
Jon Kolbjørn Lindset
Nils Markset
Rune Nyland
Signe Alise Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Olav Riisland
Kari Gerd Riisland
Tone Å. Rysstad
Astrid Stuestøl
Sandkjær
Tone Stålesen
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
Bjørg Valborgland
Olav Vehus
Jens Velle

AUSTMANNA-LAGET

Olaug Aaberge
Brynjulf Aartun
Syver Berge
Ole Bjerke
Anders Bjørge
Arne Bjørnstad
Oddbjørn Blakar
Else Petra Borkhus
Per T. Borkhus
Jon Steinan
Bredeveien
Ivar Bungum
Bjørn Dalen
Ingvild Marie Eknes
Frode Erstad
Mathias Finsveen
Inger Lise Fiskvik
Bjørn Ola Foss
Tordis Irene Fosse
Randi Therese Garmo
Kjell Gulbrandsen
Odin Hagen
Olav Haraldseid
Gaute Elvesæter
Helland
Bjarte Hole
Odd Reidar Hole
Ola Holen
Gunn Strømsøy
Hvamstad
Helen Johannessen
Dag Johansen
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Kristin Kirkestuen
Håvard Kleiven
Harald Kleppe
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Torgunn Holm
Maursset
Sigurd Nestande
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Olaf Nøkleby
Jørgen Nørstegard
Oddvar Romundset
Tone Rui
Ivar Schjølberg

Jakup Skjedsvoll
Arne Skuterud
Bjørn Otter Skåret
Nils Steinar Slapgård
Inger Kirsten Stagrim
Tor Stallvik
Arne Sund
Kåre Sveinhaug
Mogunn Synstnes
Sverre Sørøs
Reidun Ramse
Sørensen
Gudmund Teigen
Olav Teppen
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren
Olav Veka
Frode Vestheim
Rune Øygard
Bjørg Øygard

BUSKERUD MÅLLAG

Niri Baklid
Tom Ragnar Berg
Tor O. Bergum
Hans Borge
Herbjørn Brennhovd
Magnus Bakke
Deinboll
Per Drablos
Ingerid Elverum
Rine Flatland
Irene T. Hansen
Syver Hjelmen
Olav Hovda
Linda Høyvarde
Lars Erik Jacobsen
Oddbjørn Jorde
Sylfest Laingen
Kristin Lindberg
Osvald Medhus
Kari Maastad
Odd Oleivsgard
Unn Perstølen
Halle Perstølen
Tordis Perstølen
Gro Randen
Kari Roe
Kirsten Skarlund
Grethe Sollien
Einride Tinjar
Sigrun Torsteinsrud
Øystein Velure

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Ingrid Aabø
Bergfinn Aabø
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Leidulv K. Bergwitz
Reidar Børnerheim
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Henrik Brochmann
Hæge Marie Roholdt
Brunvatne
Paul Dagfinn Bråten
Ola E. Bø
Karen Bø
Alv Reidar Dale
Jenny Margrethe
Dugstad
Hans Olav Eggestad
Tove Karina
Eidhammer
Helge Enger
Martin Enstad
Kirsten Osmo Eriksen
Turid Farbregd

Marit Holmquist
Fenne
Brit Ragnhild Øydna
Fisknes
Ingvar Fleten
Haldor Fykse
Tor Gabrielsen
Kåre Garsjømoen
Otto Gjerpe
Jostein Grønset
Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter
Heen
Sveinung Helgheim
Mildrid Helland
Botolv Helleland
Sigrun Heskstad
Audun Heskstad
Marie Thallaug Heuch
Jarle O. Hjetland
Edvard Hoem
Kjell Peder Hoff
Valborg Holten
Kjetil Torgrim Homme
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein
Høgåsen
Kolbjørn Høgåsen
Inger Marie Jordell
Lena Nakken Kallevik
Jens Kihl
Turid Louise
Quamme Kittilsen
Knut Kjelstadli
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Tor Einar Ljones
Peggy Jensem Lous
Mette Ulland Lund
Jon Låte
Lars Meling
Norvald Mo
Arnold Mundal
Lars Helge Myklebust
Finn Måge
Solveig Nerol
Øystein Njål Nordang
Kjellaug Norli
Torgeir Ose
Svein Johann Ose
Hanne Havåg
Ranestad
Benjamin Edillon
Reichle
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Frøidis Marie Ruud
Asbjørn Engebø
Rystad
Astrid Driva Rødsand
Turid Rønning
Åsbjørn Vågslid Råen
Aasta Siri Schawlann
Kari Rysst Seemann
Olav R. Skage
Åsmund Skard
Gunnvor Fykse
Skirbekk
Synnøve Skjøng
Arve Skutlaberg
Ane Solberg
Sigrid Solheim
Nils Standal
Idun Stokka
Sissel L Sæbø
Anne Joronn Sætre
Tordis Thorsen
Jostein Tjore
Halvor Tjønn
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tormodsgard

SVERRE TUSVIK

Stein Tveite
Steinar Tveitnes
Johan Kristian
Tønder
Alvhild Venås
Tor Gabrielsen
Arvid Garsjømoen
Jan Magne Vigdal
Lars S. Vikør
Kjetil Vistaad
Per Ivar Vaagland
Olav Morten Wang
Gunn Bjørg Wisløff
Johannes Georg Østbø
Herlov Øverland

HORDALAND MÅLLAG

Hildegunn Aadland

Olav Aas
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Arne Alsaker
Torgeir Alvsåker
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Margit Liljan Apelthun
Erik Arneson
Karin Ask
Øystein Ask
Håkon M. Berge
Oddbjørn Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Leif Olaf Birkeland
Aage Bjordal
Gunnar E. Bjotveit
Bjørn Bjørlykke
Audun Bjørnberg
Dag Bjørnevoll
Lars Johan Bleie
Lars O. Bleie
Lars Meling
Norvald Mo
Arnold Mundal
Lars Helge Myklebust
Finn Måge
Solveig Nerol
Øystein Njål Nordang
Kjellaug Norli
Torgeir Ose
Svein Johann Ose
Hanne Havåg
Ranestad
Benjamin Edillon
Reichle
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Frøidis Marie Ruud
Asbjørn Engebø
Rystad
Astrid Driva Rødsand
Turid Rønning
Åsbjørn Vågslid Råen
Aasta Siri Schawlann
Kari Rysst Seemann
Olav R. Skage
Åsmund Skard
Gunnvor Fykse
Skirbekk
Synnøve Skjøng
Arve Skutlaberg
Ane Solberg
Sigrid Solheim
Nils Standal
Idun Stokka
Sissel L Sæbø
Anne Joronn Sætre
Tordis Thorsen
Jostein Tjore
Halvor Tjønn
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tormodsgard

LARS GJØSTEIN

Hallbjørn Gjøstein
Endre Grutle
Solveig Grønlien
Jakob Gullberg
Kirsti Handeland
Sigmund Haug
Stanley Hauge
Kåre Johan Hauge
Torbjørn Haukås
Svein Heggeheim
Kristian Helle
Kristin Helle-Valle
Aslak T. Helleve
Aslak L. Helleve
Knut Johannes Helvik
Kjell Henriksbø
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Norvald Hestetræt
Eli Hillersøy
Olrun Hild Hillesstad
Marit Hjartåker
Arne Anderssen
Arnfinn Jørgen Ansok
Margit Liljan Apelthun
Erik Arneson
Karin Ask
Øystein Ask
Håkon M. Berge
Oddbjørn Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Leif Olaf Birkeland
Aage Bjordal
Gunnar E. Bjotveit
Bjørn Bjørlykke
Audun Bjørnberg
Dag Bjørnevoll
Lars Johan Bleie
Lars O. Bleie
Lars Meling
Norvald Mo
